



SPAR akter å bruke utbyggjinga som eit springbrett for ytterlegare auke i omsetnaden og fleire PR-tiltak er på gang.

No kunngjer butikken at den kvar helg fram til opninga i vår vil gje bort ei pakke med nyttige varer frå utvalet deira. Innhaldet vil bli kjent laurdag før kvar trekning og alle som kjøper for minst 100 kroner er med i trekninga.

Gunn Mari Moberg opplyser til uskedalen.no at det einaste ein må gjera for å vera med er å skriva namn og telefonnummer på kvitteringen og leggja den i kassa.

Ellers kan ho opplyse at pakka frå starten vil vera verd 700 kroner men det blir ein aukande tendens og eit skikkeleg klimaks i samband med opninga.

På biletet over kan ein registrera at det skjer mykje frå dag til dag med den nye fløyen - for ikkje å seia frå time til time. Dette var situasjonen tidleg i føremiddag....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen